



NR 2, 2020 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 88. ÅRG



## I dette nummeret kan du lese om:

- Hjarterom og husrom
- Jul i naturen
- Konfirmantane 2020
- Korskule i Høyanger
- Ny prest og nytt liv i kyrkja
- Takk til Runar Matsui-Li

*God jul!*

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. I redaksjonen: Bjørnar Otterstein og Andreas Ester  
Layout: Bjørnar Otterstein

## Pengegaver vert mottekne med takk!

**Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 110089**

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

## Kyrkje i Corona-tid

Ein kan knapt snakke om ei kyrkje utan at folk samlast. Folk samlast til gudsteneste. Dei samlast til dåp. Dei samlast til nattverd. Dei samlast til konfirmasjon. Dei samlast til brudevigsle. Dei samlast til gravferd. Dei samlast til musikk, song og konsertar. Dei samlast til trusopplæring. Dei samlast til møte og mat og prat. Det er eit fellesord for alle desse samlingane. Kyrkjelyd på nynorsk. Menighet på bokmål. Congregation på engelsk.

I Corona-tida er parolen at ein ikkje skal samlast. Eller at samlingane skal vere regulerte med maksimumstal og naudsynt avstand mellom deltakarane. I skrivande stund er maksimumstalet 50 med ein meters avstand. Og det skal førast namnelister over alle deltakarar. Det er mitt inntrykk at kyrkjene har hatt ei god oppfølging av gjeldande smittevernreglar. Samstundes ser vi at kyrkja sine tradisjonelle samlingsformer vert sterkt utfordra.

Gudstenestene vert i mindre grad sosiale møte, nattverdsformene må tilpassast, og ved dåp, konfirmasjon og vigsle og gravferd kan ofte ikkje alle vere til stades i kyrkja. Det har vore ei ny erfaring å måtte gjere ein kraftig reduksjon av deltakarar ved konfirmasjon og gravferd.

Eit grunntrekk med kyrkja opp gjennom historia er at ho har vist evne til å tilpasse seg nye utfordringar og vere levande i ulike kriser. Dette er utfordringa også i dag. Først og fremst har det vore ei ny satsing på digitale tenester. Ein finn eit nytt tilbod om gudstenester og andaktar på nettet. Mange gravferder og andre kyrkjelege handlingar har vorte tekne opp og sende direkte til alle som ville fylgje med ein annan stad i verda. Sosiale media og digitale møte og samtalar har vore nytta mykje meir enn før.

Dette er ei god utfordring for framtida. Både eventuelle nye epidemiar og klimautfordringa gjer at kyrkja må satse meir på å byggje fellesskap som ikkje krev reiser og fysiske samvær.

Geir Sørebo

[www.hovanger.kyrkja.no](http://www.hovanger.kyrkja.no)  
[www.facebook.com/kyrkjajihovanger/](https://www.facebook.com/kyrkjajihovanger/)  
[www.instagram.com/kyrkjajai/](https://www.instagram.com/kyrkjajai/)

### Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159  
6991 Høyanger  
Telefon: 57 71 41 00  
[post.hovanger@kyrkja.no](mailto:post.hovanger@kyrkja.no)

### Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
Telefon: 57 71 41 00  
[post.hovanger@kyrkja.no](mailto:post.hovanger@kyrkja.no)

### Kontorsekretær: Katarina Vattekar

Jobbmobil: 40 45 86 49  
[KV333@kyrkja.no](mailto:KV333@kyrkja.no)

### Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø  
Mobil: 91 71 32 75  
E-post: [knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no](mailto:knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no)

### Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik  
Mobil: 45 22 17 37  
E-post: [AE639@kyrkja.no](mailto:AE639@kyrkja.no)

### Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal  
Mobil: 957 29 172  
E-post: [GS533@kyrkja.no](mailto:GS533@kyrkja.no)

### Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik  
Mobil: 92 2409 66  
E-post: [TL646@kyrkja.no](mailto:TL646@kyrkja.no)

### Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger  
Telefon kontor: 57 71 41 00  
Mobil: 91 76 38 03  
E-post: [BO446@kyrkja.no](mailto:BO446@kyrkja.no)

### Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger  
Mobil: 94 18 67 09  
E-post: [GO985@kyrkja.no](mailto:GO985@kyrkja.no)

### Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02  
Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45  
Lavik: Tonje Førde Systad 40 84 68 75  
B og O: Sissel Sørebo 91 68 93 81

### Leiar kyrkjeleg fellelråd:

May-Wenche Fossmark 90 53 90 02

### Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97  
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77  
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77  
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21  
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12  
Audun Engedal tlf. 41 56 36 28  
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 01 27  
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**

## Hjarterom og husrom!

I dei dagane let statsminister Erna Solberg lysa ut at det skulle takast manntal over alle dei som kjem til kyrkje for å feire jul. Dette var første gongen dei tok manntal i kyrkja og det hende det året vi vart ein del av Vestland fylke.

Dette året vart det ikkje til at kvar og ein for heim til si eiga bygd og grend grunna viruset dei kalla Covid-19. Men Solveig og Kjell, dei for heim til bygda. Solveig venta då barn. Då julekvelden kom, ville dei til kyrkje. Dei gjekk opp bakkane til kyrkja, klokkene kima og stjernene glitra på himmelen. Ute var det hustrig og kaldt, men dei gjekk. Då dei endeleg kom fram til kyrkja, stod kyrkjetenaren og soknerådsleiaren i døra og ynskte dei God jul. Så såg dei på kvarandre, slo ut med armane og sa til dei: ***Her er ikkje rom for dykk nokon stad, vi kan berre ta inn 73 menneske i denne kyrkja grunna smittevernsrestriksjonane som gjeld, så de må vere så greie å komme att ein annan gong!***

Det er få gonger kjensla av å høyre til i eit fellesskap er viktigare enn ved jul. Det kjem til uttrykk i dei mange tradisjonane vi har: Vi pyntar juletre, vi lagar til den same maten og syng dei same songane. Familiane samlast, vi ringer, tekstar og sender julehelsingar til vener og kjende. Somme tek den årlege turen ned til naboen i svingen med nokre nybaka julekaker og ei julestjerne. Dei utflytta ungdomane er heime og møtast til lått og løye. Mange tar eit bilete som dei postar på sosiale medium med ro, fred, fellesskap og glede. Dette året vert mange ting annleis, men vi skal framleis feire jul. Vi treng å kome saman, feire jul, syng julesongar, kjenne på fellesskapet i kyrkje, bygd og familie. Ta turen til kyrkje i år! Somme stader lyt du melde deg på –

men det klarar du fint! Kan hende kan du i år fare til kyrkje på juledag i staden. Kan hende lyt du velje ei gudsteneste i staden for ein konsert. Kan hende lyt du i år lese juleevangeliet heime fordi du ikkje vågar deg til kyrkje på julekvelden.

Biletet av Josef og Maria på leit etter ein kvilestad i Betlehem er vel kjend. Vi les at Maria måtte legge det nyfødde barnet i ei krybbe, fordi det ikkje var husrom for dei. Englebodet om barnet som var fødd, gjekk til gjetarane, dei som låg ute om natta – langt frå bygda og heimen. Til dei kom bodet om ei stor glede: ***«I dag er det fødd ein frelsar i Davids by, han er Messias Herren!»***

Meir enn nokon gong vert det i år viktig å tenkje på dei det ikkje er husrom for. Vi har eit ordtak som heiter: ***«Der det er hjarterom, der er det husrom!»*** Det vert som oftast brukt under hendingar der ein stuar saman meir folk enn det eigentleg er plass til. Men i meir overført tyding så handlar det om at fordi ein har eit sterkt ønskje om at alle skal med, så ryddar ein eit rom ekstra, utvidar selskapet, stuar saman, smørjer meir mat og tenner fleire ljós. I år kan vi ikkje syne hjarterom på den måten, men vi må ta vare på kvarandre. Det er viktigare enn nokon gong før.

Idet Solveig og Kjell fekk høyre at det var fullt og at dei måtte komme att ein annan gong, så kom kyrkjenaboen ungar-Ola opp på kyrkjetrappa i finskjorta. Han rista på hovudet og så sa han: De kan komme inn til meg om de vil. Ikkje har eg juletre og stova mi er ikkje så fin, men der er godt og varmt. Kaffi kan eg koke og smultringar har eg kjøpt. Kan hende tok han fram munnspelet og spelte nokre strofer frå ***«Det lyser i stille grender»*** før kaffien var oppdrukken, og gudstenesta i kyrkja var slutt. Knut Magne Nesse, Prosten i Sunnfjord

# Jul i naturen

Då eg var barn, hadde eg på ein eller annan måte fått ei førestilling om at det ikkje berre var menneskja som feira jul, men det hende noko også ute i naturen. Det kunne vere at ein under gunstige tilhøve kunne sjå englar på julaftan. Eg hugsar ei julaftan då det snødde med store snøfiller som dala sakte ned i mørkret. Eg gjekk ut på tunet og såg opp i lufta. Jau, det var mest som eg kunne skimte englar der oppe i mørkret mellom snøflaka.

## Dyra skulle få sitt.

At fuglane skal få nek til jul, har alltid vore praktisert. På våre kantar går det vel heller i talg og flesk og solsikkefrø til kjøtmeisene. Hunden får seg kanskje eit ekstra stort bein å gnage på, og i fjøset er det gjerne også ekstra servering. Folkeminnegranskaren Olav Bø siterer i ei av sine bøker ein gamal bonde på Austlandet som fortel om julaftan i hans barndom:

«Alle dyra fekk umframst stell om kvelden, så dei ikkje skulle klaga seg åt jomfru Maria, for den natta kunne dei tala. Kyrne og hestane fekk eit havreband kvar, og likeeins gav dei kvar ku og kvar hest lefse og brød og sa: Et vel, lev vel, i kveld er det julekveld».

I følgje denne gamle folketrua så skjer det altså noko med dyra julenatta. Dei får for ei kort tid visse menneskelege eigenskapar og kan snakke – ikkje berre med kvarandre, men til og med med Jesus si mor. Difor må dei også få menneskemat denne natta.

## Folketru og kristentru

Gamle skikkar har ofte djupare røter enn det ein først skulle tru. Vi har fått innprenta at den bibelske kjernen i den kristne jula er at Gud vart

menneske då Jesus vart fødd. Mange nyare teologar meiner at denne påstanden kan utvidast betydeleg. Evangelisten Johannes omtalar Jesu fødsel slik:

Ordet vart kjøt. Kjøt kan lesast som eit samlebegrep for alle levande vesen på denne jorda. Då kan vi forstå jula sitt store under på den måten at Gud kjem og tek bustad i vår natur. Den uendeleg store og heilage Gud, som er heilt ulik alt jordisk, han gjer denne naturen til sin bustad og let alle naturlover råde for seg. Han vert ein bror til alle menneske og alt levande på denne jorda.

Dette er eit perspektiv som også den gamle latinske salmen frå 1300-talet har fanga opp, der det heiter i 3. verset:

Men okse der og asen stod,  
Og asen stod  
Og såg den Gud og Herre god.  
Halleluja. Halleluja.

At Jesu fødsel berører all naturen, er ein tanke som vi også finn 1000 år tidlegare hjå fleire av dei gamle kyrkjefedrane. Jesus kom ikkje berre for frelse menneska, men også for fornye naturen, for å leggje grunnlaget for ein ny himmel og ei ny jord.

## Aktuelle konsekvensar

Dette synet fører med seg at naturen ikkje berre er Guds skaparverk gjennom millionar av år frå den fjerne fortida. Naturen har også fått verdi gjennom Jesu sin einskap med naturen, eit under som var påtenkt heilt frå opphavet. Jesus er med i skapinga, og dette når eit nytt nivå når Jesus kjem til jorda kledd i kjøt og blod.

Vi kan med andre ord seie: Jula legg eit nytt grunnlag for naturvern og ansvarleg forvaltning av naturen. Det er ikkje utan grunn at hjortejakta stansar til jul. Frå gamalt av skulle alle feller etter dyr takast ned i jula. Det skulle vere fred i skogen. Alle dyr skulle vere med på å feire gleda over frelsaren som var fødd.

Og så må vi kunne spørje: Er for eksempel praksisen med juletre i samsvar med jula sin kjerne? 10 000-vis av grantre vert planta i Danmark, transporterte til Norge for å stå ei veke i ei leilegheit, pynta med plastglitter og deretter kasta.

Nokre er så heldige å kunne nytte ei overflødig busk frå eigen skog, men det endrar likevel ikkje på det store biletet, nemleg det at måten vi feirar jul på kan vere ei miljøutfordring.

I min ungdom hørde eg om ein mann som hadde ei gran i ei tønne på tunet. Kvar jul tok han tønna inn i stova, etter jul sette han tønna ut att på tunet til neste jul. Han var forut for si tid.

Mange andre eksempel kunne takast fram, alt frå vindkraft til trafikkavvikling og industriutvikling. Jula er tida til å kunne reflektere over dette:

Kva konsekvensar får det for oss at Gud steig inn i vår natur heilt fysisk gjennom sin eigen Son?

Geir Sørebo



## Konfirmantane i Høyanger 2020



Første rekke fra venstre: Jenny Østerbø Breidvik, Julia Angelina Nedrebø Maureira, Julia Leivestad Dingsøy, Åshild Andrea Sæbø Lekve, Amalie Austreim Abrahamsen

Andre rekke fra venstre: Celina Andersen Våmartveit, June Olsen, Live Hatlestad, Ine Refsdahl Fossen, Edda Auganæs Gøthe, Olea Torsnes.

Tredje rekke fra venstre: Prostiprest Runar Matsui-Li, Marius Vågen Nilsen, Jan Leander Larsen, Waldemar Marsheva, Sivert Olai Sæle Holten, Jonas Dale Eide, Benedicte Jonsson Abrahamsen.

## Konfirmantane i Vadheim 2020



Frå venstre:  
Eva Constane Lutzke,  
Ariana Hjelmeland Rasdal,  
Julian Årseth Birkaas,  
Sander Heggnes Jarstad,  
Oliver Berge Ullebø,  
Elias Norevik Gjermundstad

## Konfirmantane i Kyrkjebø 2020



Foto: Gerda Otterstein

Første rekkje frå venstre: Prostiprest Runar Matsui-Li, Guri Sværen Klævold, Kristine Fureli Kvikne, Tiril Aaland Engen, Marie Austreim Olsen

Andre rekkje frå venstre: Benjamin Kyrkjebø, William Kyrkjebø, Trym Aaland Engen, Andreas Kyrkjebø, Jaran Solaas, Danelius Radzijauskas.

## Konfirmantane i Lavik 2020



Foto: Torsten Pårwol

Frå venstre: Silje Avsnes, Marie Annkatrin Ester, Kristine Kvammen Johnson, Marius Bjørkhaug, Mads Andre Larsen Strandos, Ørjan Avedal

## Konfirmantane i Bjordal 2020



Framme frå venstre: Bertine Førde, Kamil Galedek, Eilin Moen Bjordal og Inga Førde.

Bak: Kyrkjelydspedagog Toril Lange og sokneprest Andreas Ester



## Helsing frå Bjordal og Ortnevik sokneråd

Etter at kyrkjene opna igjen etter nedstenginga av samfunnet i vår, har vi gjennomført dei forordna gudstenestene m.a. to friluftsgudstenester i sommar, dåpsgudsteneste med to dåp, konfirmasjon, minnegudsteneste og hausttakkefest på Massnes Villmarks-museum.

Mari-Ann og Olav laga som vanleg nydeleg i stand, så det var ein fryd å komme til museet. Vi har på grunn av situasjonen ikkje invitert til fredagstreff i Gamle-banken, hyggjestunder på Sørsida

Telefonsamtalar, meldingar og helsingar på e-post kan vere litt oppmuntring i kvardagen for



Bygdetun og samlingar elles. Det har sikkert vore eit sakn for ein del.

Konfirmantane og borna som samlast i dei same gruppene som dei er i på skulen, kan møtast til trusopplæring som vanleg. Vi er heldige som bur slik at vi kan gå tur i den flotte naturen vi har her. For dei yngre som lett gjer avtalar på nettet, er det ein fin måte å inkludere og sikre sosial kontakt at ein kan gå på fjellet i lag. Vi får prøve å ta vare på kvarandre, sjølv om vi er oppmoda om å halde oss mest mogeleg heime nett no.

oss alle. Sjølv gler eg meg enda meir enn vanleg til å henge opp adventstjerne, tenne adventslys og etter kvart pynte til jul. Kanskje det er lurt å erstatte nokre av dagsnyttssendingane med fin musikk eller lese ei god bok? På nettet kan vi til ei kvar tid finne gudstenester og andaktar som kan vere til oppbygging, og i kyrkjene kan inntil femti personar møtast til gudsteneste.

Vi får hugse at for kvar dag som går er vi ein dag nærare vaksine og ei normalisering av samfunnet, sjølv om det kan ta tid. Håp er eit viktig ord i adventstida. Lat oss ta i mot dei gode orda i denne tida!

Takk til Mari-Ann Lund Fridtun og Olav Fridtun som hadde dekkja til fest i det flotte lokalet!

Helsing Sissel Sørebo, soknerådsleiar

# Oppstart av korskule i Høyanger!



## Alle barn kan synge!

Kantor i Høyanger har no starta opp korskule i Høyanger kommune. Slike korskular finst mange stader i landet, men det har ikkje vore tilbod om dette i Høyanger før no.

Korskulen er finansiert, og i regi av HKF, den er gratis og open for alle, uavhengig av tru eller religion. Undervisninga er for barn frå 2. til 7. klasse, og foregår i Lavik kyrkje mandagar frå 17.00 til 18.00. og i Høyang kyrkje tirsdagar frå 17.15 til 18.15.

I tillegg til å synge i kor, får barna også musikkundervisning, mellom anna i notelære og songteknikk.

Til no har 7 barn frå Lavik og 6 barn frå Høyanger meldt si interesse, og har hatt dei første samlingane. Og det er plass til fleire!

Barn som vil gå på korskulen kan kontakte kantor Gerda Otterstein på mobil 94186709, eller epost [GO985@kyrkja.no](mailto:GO985@kyrkja.no).

Velkomen!



## Nytt frå kyrkjeverja

### Avlyste aktivitetar

Som følge av koronautbrotet i vår, vart mange av dei planlagde aktivitetane i og utanfor kyrkjene avlyste. Det gjaldt gudstenester, korøvingar, andakter og soknerådsmøter med meir. Difor bestemte vi oss for at Påskekudstenestene skulle gjennomførast og innspelast på førehand, utan publikum, men med opptak av lyd og bilete og sendast digitalt på nettet til rett tid. Du finn dei på Youtube, dersom du skriv inn Høyanger kyrkjelege fellesråd som søkjeord.

### Overgang til Kirkepartner

På grunn av at vi hadde serverhavari i vår, er vi no gått over til Kirkepartner. Dei er no vår totalleverandør av IKT tenester, og det er eit stort framsteg for oss.

### Teleslynge i Høyanger kyrkje

Det er no installert ny teleslynge i Høyanger kyrkje, og dei som brukar høyreapparat vil få ei ny og mykje betre oppleving, neste gong dei kjem til kyrkja.

### Nytt miksebord i Lavik kyrkje

Det er også installert nytt miksebord i Lavik kyrkje, som vil betre lyd kvaliteten der, særleg når det gjeld dei trådlause mikrofonane.

### Val til Kyrkjeleg Adm. Utv. 11.06.

#### Frå arbeidsgjevar:

May-Wenche Fossmark (Kari Henny Dale)  
Sturla Bell Fossen (Tonje Førde Systad)  
Vidar Myren (Torunn Styve)

### Val til Kyrkjeleg Adm. Utv. 11.06.

#### Frå dei tilsette:

Gerda Otterstein (Irene Aase Aarseth)  
Katarina Vattekar (Heike Müller)

### Ny sokneprest

Andreas Ester er tilsett som ny sokneprest i Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim. Vi ynskjer han hjarteleg velkomen i vår stab!

### Nye smittevernreglar

Det er no komne nye smittevernreglar, med verknad frå 09.11.2020. Hovedbodskapen er at folk i størst mogeleg grad skal halde seg heime, og unngå unødvendige reiser. Når det gjeld kor mange som kan samlast i kyrkjene til gudsteneste, konsertar og gravferd er talet redusert til 50 personar, som skal sitje på annankvar benk, med minst 1 meters avstand. Det skal først fram møtelister med telefonnr. som skal oppbevarast i 14 dagar.

### Planlagde julekonsertar:

04. desember kl. 18.00 Kulturskulen sin julekonsert i Høyanger kyrkje

12. desember kl. 17.00 FML sin julekonsert i Høyanger kyrkje

13. desember kl. 16.00 Julekonsert i Ortnevik kyrkje

20. desember kl. 18.00 Fjordbrass sin julekonsert i Lavik kyrkje

20. desember kl. 17.00 KUL koret sin julekonsert i Kyrkjebø kyrkje

### Forbehold om C19-restriksjonar!



Det er vanleg å presentere ein nytilsett prest. Men ny er eg på ingen måte. Ikkje som prest, og ikkje som tilsett i Høyanger kyrkjeleg fellesråd sitt område, eller i bispedømmet.

Eg begynte som prest i sokna Høyanger og Kyrkjebø/Vadheim som vikar allereie i januar 2020. Då vart eg spurd av prost Reidar Knapstad om å fungere i stillinga som sokneprest, etter at Runar Matsui-Li slutta i stillinga i fjor. No har eg sagt ja til å fortsette vidare, fordi eg ønsker å få til noko her.

Eg har ganske mange års fartstid – både frå tysk storby og bygde-Noreg, 13 av dei siste åra i Lavik og Bjordal-Ortnevik. Biletet over vart for øvrig tatt på konfirmasjonsdagen i år i Lavik, du kan sjå ein glad prest som samstundes er stolt far til ei jente som vart konfirmert same dagen.

Dei aller fleste veit kven eg er: Andreas Ester, sokneprest. Gift med Anette, kommuneoverlege i Hyllestad. Vi har ei dotter, Marie på 15 år.

Eg er ikkje ny – men eg håpar likevel å kunne starte på ny! Eg har veldig lyst til å starte noko nytt i kyrkja og i lokal-samfunnet – saman med folk i Høyanger og Kyrkjebø og Vadheim. Her vil eg skrive litt om det eg håpar vi kjem til å få til, kjem til å oppleve saman, og litt om det vi allereie har fått til.

## Ny prest - og nytt liv i kyrkja i Høyanger og Kyrkjebø / Vadheim sokn

Året 2020 er blitt eit ekstraordinært år, då Covid-19-pandemien snudde alt på hovudet for oss i kyrkja også. Nedstenginga i samfunnet gjorde at også vi i kyrkjestaben måtte tenkje nytt. Gjere ting på nye måtar, og hive oss rundt. Det viste at vi har dyktige folk. Kyrkja skal vere der folket er. Viss ikkje dei kan komme til kyrkja må vi komme til dei inn i stova.

Dei første videogudstenestene vi har produsert, vart lagt ut på nettet i påskeveka dette året. Og alle sokneråda er einige om, tenkjer eg, å fortsette med å ha slike i framtida også – som eit supplement.

Vi har behov for fornying i kyrkja. Å fornye gudstenesta skal vere ei hovudsatsing for meg framover. Det skal skje nye ting i kyrkja, og eg håpar at folk i Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim har lyst til å vere med på det!

20. september feira vi den første gladgudstenesta i Høyanger kyrkje. Det var kjempespennande, og alle dei som var der, var med på å skape noko nytt, ingen visste i forkant heilt kva det skulle bli. Denne gudstenesta skal vere ein invitasjon mest for dei mellom 20 og 50 år. Høyrest det ambisiøst ut? Ja, det er det!

Men eg tenkjer det er behov for å ha noko som fungerer for dei og. Det blir mykje musikk og song, nye songar og salmar som eri stil med musikk denne generasjonen er vande til.

Ole Ådland Merkesvik saman med Gerda stod for denne delen, og det var heilt fantastisk, syntes eg. Glad stemning – men ikkje i overfladisk forstand. Takk til begge!

«Glede» var tema og den raude tråden i det heile. Det skal vere kjekt å vere i kyrkja, det skal gjere oss glade – både unge og vaksne. Neste gladgudsteneste kjem! Det skal skje noko nytt i gudstenesta alle stader.

Eg ønsker å satse på å ha «fyrtårn-gudsteneste» i alle våre kyrkjer. Gudstenester med særpreg, som skil seg ut. Som er attraktive for folk å vere med på. Ikkje berre for dei frå bygda, men frå alle sokn i kommunen, ja til og med utanom! I Lavik har dei allereie ei slik: Påskemåltidet på skjærtorsdag.

I Kyrkjebø kyrkje kan eg godt tenkje meg å ha spesielle gudstenester for folk frå 50 år og oppover. Gudstenester som liknar litt på jazzgudstenesta som var i jubileumsåret 2019. Den var jo kjempeflott! Desse gudstenester skal vere annleis, utprøvande, nyskapande. Med kvalitet. Med ulike musikalske og kulturelle innslag.

Folkemusikk-gudsteneste er eit anna forslag. Gudsteneste eller eit anna arrangement med fokus på kyrkjekunst eit tredje. Her og alle plassar kan eg tenkje meg å invitere til eit team som står for desse gudstenestene.

I Vadheim fekk eg tanken å prøve med «kaffigudsteneste». Mest for den eldre generasjonen. Gudsteneste med eit sosialt program i forkant – eller i ettertid. Møte andre. Kaffi og prat i bedehuskapellet. Eg har så vidt spreidd tanken til pensjonistlaget og silt spørsmål om dei har lyst til å vere med på dette.

Frå januar skal det vere forsøk med kvardagsgudstenester i Høyanger kyrkje. Gudsteneste på onsdag kveld kl. 18 i staden for søndag kl. 11. Kanskje fungerer dette betre for ein del folk?

Det er startaopp nytt konfirmantopplegg som eg ønsker å utvikle saman med konfirmantane. Vi var på konfirmant-weekend i oktober. Tema var venskap og Jesus som ven. Det var ei kjempesinn helg, foreldra støtta opp, takk! Før jul skal det bli ein litt ny type lysmesse, på ein kvardag, den også.

Vi må gå ut og spørje folk kva dei ønsker frå kyrkja. Spørje og lytte.

- Kva kan vi som kyrkje bli betre på?
- Kva tenkjer folk i Høyanger om kyrkja si?
- Kva behov ser dei for kyrkja sitt arbeid?
- Kva ønskjer dei kyrkja kunne bidra med i lokalsamfunnet?

Det vart ikkje noko av dette i vår. Kanskje må vi velje ei nettbasert spørjeundersøking i staden for. Slik det blei gjort i Lavik året før. Eg er spent på svara som kjem inn.

Masse nytt. Ein visjon, om du vil. Men det er ikkje presten som skapar noko nytt åleine, det er oss alle! Og eg vil ha dykk med på denne visjonen. Eg er sikker på at vi kan få til mykje av dette – og andre ting vi ikkje veit om enno. Jula blir spennande i år. Kanskje friluftsgudsteneste i Høyanger på Julafta?

God Jul! Helsing Andreas Ester,  
sokneprest



Foto: Irene Aare Aarseth

## TAKK TIL RUNAR MATSUI-LI

Runar Matsui-Li har avslutta si teneste som sokneprest hjå oss etter om lag åtte år. Det gjorde han med konfirmasjonsgudstenestene no i haust, utan at dette vart annonsert som hans avskilshandling. Sokneråda ynskte difor ei markering for Runar.

Sidan corona-tiltaka sette sine grenser, også for ei slik markering, vart den avvikla som ei enkel samling på Alværa den 8. nov. Familien til Runar var heidersgjester, og elles var representantar for dei kyrkjeleg tilsette, sokneråda og Høyanger kyrkjeleg fellesråd til stades.



Både den nye og den nyleg avtroppa prosten i Sunnfjord var også med oss denne dagen. Prostane bar fram helsingar og takk til Runar i form av gode ord og blomar. Runar vart i si helsing frå kyrkjelydane og sokna omtalt som ein god og kunnskapsrik samtalepartnar, nytenkjande, løysingsorientert og humoristisk, og alltid med sitt kall for auga. Hans openberre glød for ungdomsarbeid og konfirmantane vart også framheva.

Geir Sørebo heldt andakt, medan Keiko, Sjoerd og Erene & Finn bidrog med det musikalske. Som gåve fekk Runar ei dreia klokke produsert på Kyrkjebø, og Byporten i Høyanger i form av ein telyshaldar. Keiko

fekk blomar som takk for å ha delt Runar med oss i åtte år. Hjarteleg takk til Runar frå kyrkjelydane i Høyanger, Vadheim og på Kyrkjebø !

Sturla Bell Fossen, leiar i Kyrkjebø sokneråd

# Trusopplæring – vinteren/våren 2021



## Minikonfirmant

**Tårnagenthelg er planlagt i 4 kyrkjer, men det kan bli endra pga. korona.**

**Lavik:** Fredag 8. og søndag 10. januar. Fredag er det samling frå 14.30 til 18.30, medan søndag er det agentmorgon før tårnagentgudstenesta kl. 11.00. Alle som går i 2. - 4. klasse kan vere tårnagentar, medan 5. - 6. klassingar kan melde seg på som englevakter.

**Bjordal:** fredag 22. og søndag 24. januar (ettermiddag). Alder: 1. -5. klasse

**Høyanger:** laurdag 6. og søndag 7. februar Alder: 3. klasse

**Kyrkjebø:** laurdag 13. og søndag 14. februar Alder: 2.- 4. klasse tårnagentar, 5. - 6. klassingar kan vere englevakter.

### **Minikonfirmantar i Høyanger og på Kyrkjebø**

I **Høyanger** vert minikonfirmantane presenterte på tårnagentgudstenesta søndag 7. februar kl. 11.00. Då vert det også bibelutdeling. Det vert 4 minikonfirmantsamlingar på fredagar frå kl. 12.30 til 14.00. Datoane er: 5. februar, 12. februar, 5. mars og 19. mars. Det vert ikkje samling fredagar det er skulefri eller fredag før ferie. Til vanleg vert samlingane i kyrkja. Alder: 5. klasse. Det vil også vere minikonfirmantar på **Kyrkjebø**. Dei vil bli presenterte på tårnagentgudstenesta søndag 14. februar. Dato for samlingane er ikkje bestemt enno. Alder: 4.- 6. klasse. Vi håpar at vi kan invitere til **minikonfirmantweekend på Alværa 9. -11. april**. Det er sjølvstakt avhengig av smittesituasjonen på det tidspunktet. Då vil det også vere med mini-konfirmantar frå andre stader.

### **T- dagar i Lavik og i Bjordal.**

Ca ein onsdag i månaden vil Lavik sokneråd invitere 1.- 4. klasse til T-dag på Alværa i SFO-tida frå 9.30 -12.00. Det er også planlagt T-dag ein gong i mnd. i Bjordal. T-dagane er frå rett etter skuletid og til kl. 16.30 på Sørebo.

Toril Lange

# På Kyrkjebakken

## Mariahelg på Alværa misjonsenter 2021.

5.-7. mars 2021, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, og samtidig er det kjekt å komme i lag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen, og ikkje minst nyte god mat. Tema for helga er «Berekraft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Har du spørsmål om helga eller program - ta kontakt med Hanne Bildøy tlf 996 10 528, epost [hanne@bildoys.no](mailto:hanne@bildoys.no)

## **Kyrkjelydsfest og årsmøte i Lavik**

Onsdag 3. mars kl. 17.00 inviterer Lavik sokneråd til kyrkjelydsfest på Alværa. Vi startar med middag, deretter vert det litt program og årsmøtesaker. Samlinga vert avslutta med kaffi. Meir informasjon og invitasjon kjem seinare.

## **Årsmøtet for Bjordal og Ortnevik sokn**

Etter gudstenesta i Bjordal kyrkje 14. februar kl. 11.00 blir det kyrkjekaffi med årsmøte. Kom gjerne med gode idear og tankar om korleis vi kan legge opp arbeidet i kyrkjelyden. Soknerådet

## **Julekonsert i Ortnevik kyrkje** **13. desember kl. 16.00**

Ortnevik kyrkje er stor og romsleg, så vi meiner det går greitt å invitere til konsert med 50 deltakarar som sit med god avstand på annan kvar benk. I år blir det på grunn av pandemien ikkje korsong, men vi kan som vanleg by på mykje flott song og musikk frå lokale krefter. Kantor Gerda Otterstein vil spele og synge, og Magne Sagerøy tek med seg nøkkelharpe og musikarkollega. Også i år vil vi synge kjende og kjære julesongar i lag! Hjarteleg velkommen!  
Soknerådet

## *God Helg*

God helg er eit tilbod med ein andakt på ca. 15 minuttar over søndagens tekst. Ansvarleg for dette opplegget er Geir Sørebo. Han har med ein muskar kvar gong. Det er oftast Jostein Hauge, som er organist i Austrheim i Nordhordland. Innspeinga vert lagt ut kvar fredag før kl.17.00. Teksten som vert lesen, er det som er preiketeksten den komande søndagen. Alle opptaka er så langt gjort ute i naturen. «God helg» finn ein i menyen på Geir Sørebo si heimeside Praise God in the nature. «God helg» er eit framhald av dei digitale gudstenestene som vart sende etter at koronarestriksjonane vart innførde, og har vorte produsert kvar helg sidan det. Det er ikkje tanken at «God helg» skal erstatte gudstenestene, men vere eit supplement. Den gjennomgåande ideen er at teksten skal forståast ut frå ting vi høyrer og ser ute i naturen.

Adressa til heimesida er

**[www.worshippinginthenature.com](http://www.worshippinginthenature.com)**

Når ein kjem inn på heimesida, klikkar ein berre på God helg i menyvalet.

Geir Sørebo



# DET SKJER PÅ ALVÆRA



**Oversikt over arrangement: Følg med på Alværa si facebookside.**

---

## **Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 9. januar 2021 kl. 10-16**

Trass i at vi no ikkje veit korleis pandemisituasjonen i januar blir, planlegg vi også i år kyrkje- og misjonsdag på Alværa i byrjinga av januar. Alværa har store og gode lokalitetar som gjer at vi kan sitje med forsvarleg avstand og følgje smittevernråd elles, men vi informerer på facebook dersom vi må avlyse arrangementet.

I nærare 20 år har vi byrja året med inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. I år vil Geir Sørebo, Ole Agnar Helland og Trygve Toft-Eriksen frå NMS vere med i opplegget.

Vi satsar på aktuelt tema som går inn i den situasjonen vi er i med ein verdsvid pandemi og også korleis nye møteplassar gjennom internett kan bli til hjelp i nærmiljø og i den verdsvide kyrkja. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste kl. 14.30. Etter gudstenesta er det kaffi. Då vert det også årsmøte for NMS Ytre Sogn.

**Det er påmelding til Alværa, tlf. 48990661 eller 91689459** (Toril Lange). Programmet vil bli lagt ut på facebook-sidene til Alværa og NMS Bjørgvin i desember, men meld deg gjerne på allereie no. Vi set eit tak på 40 deltakarar. Hjarteleg velkommen!

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn

## I GLEDE OG SORG - DØYPTE

### **Høyanger kyrkje**

Gabriel Nessestrand 03.05.2020  
Liva Milde Fjeldsbø 03.05.2020  
Sanna Høyum Sæternes 19.07.2020  
Hallvard Liebe Hjetland 12.09.2020  
Nea Valentina Lambrechts 18.10.2020

### **Kyrkjebø kyrkje**

Kristine Fureli Kvikne 05.04.2020

### **Tjugum kyrkje**

Lovie Sennehet Feten 29.05.2020

### **Lavik kyrkje**

Vetle Aven Hellebust 14.06.2020  
Selma Konstanse Horne Haugsbø 23.08.2020  
Tale Regine Pettersen 08.11.2020

### **Sørebø gard**

Tiril Søreide Øveraas 02.08.2020



### **Høyanger**

25.11.2019 Gunnvor Nilssen  
10.03.2020 Venke Heggheim  
24.05.2020 Marta Lønne  
19.06.2020 Signe Amanda Størseth  
02.08.2020 Petra Lovise Ynnesdal  
14.10.2020 Kai Helge Kjønås  
01.11.2020 Arve Midtbø

### **Kyrkjebø**

29.04.2020 Magnus Håkon Skildheim  
08.06.2020 Asbjørn Kvist  
04.08.2020 Helge Arnold Vik Håland  
13.09.2020 Terje Vik Håland  
18.09.2020 Sigurd Olav Kåre Berge  
25.09.2020 Torbjørn Gjertsen  
05.11.2020 Anne Karin Tennefoss  
07.11.2020 Arne Austreim

## DØDE

### **Vadheim**

10.05.2020 Gunhild Hovland  
14.07.2020 Nils Nesheim  
15.09.2020 Harald Birkeland  
10.10.2020 Per Grøvlen

### **Lavik**

05.03.2020 Einar Kristoffer Brendsdal  
03.04.2020 Helge Jordal  
27.07.2020 Kåre Strandos  
06.09.2020 Helga Solheim  
04.11.2020 Costodio Francis Barreto

### **Ikjefjord**

02.03.2020 Gudny Klara Aarnes  
02.10.2020 Magda Østerbø

### **Sørevik**

31.05.2020 Karoline Ynnesdal

### **Ortnevik**

01.04.2020 Roald Øvreås

*Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)*

## Gudstenester

### 10. Januar – 2. søndag i openberringstida

Kl. 11:00 Lavik, v/Geir Sørebo og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste  
Kl. 17:00 Vadheim, v/Andreas Ester Kaffigudsteneste

### 20. Januar - onsdag

Kl. 18:00 Høyanger, Gladgudsteneste v/Andreas Ester

### 24. Januar – 4. søndag i openberringstida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste

### 31. Januar - Sámannssøndagen

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 07. Februar – Kristi forklåringsdag

Kl. 11:00 Høyanger v/Andreas Ester og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste

### 14. Februar - Fastelavenssøndag

Kl. 11:00 Bjordal v/Andreas Ester. Årsmøte  
Kl. 17:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste

### 21. Februar – 1. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Vadheim v/Andreas Ester  
Kl. 17:00 Lavik v/Geir Sørebo

### 24. Februar - onsdag

Kl. 18:00 Høyanger v/Andreas Ester, Temagudsteneste

### 07. Mars – 3. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Kyrkjebø, v/Andreas Ester

### 10. Mars - onsdag

Kl. 19:00 Høyanger v/Andreas Ester, Gladgudsteneste

### 14. Mars

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 21. Mars – Maria Bodskapsdag

Kl. 12:00 Høyanger v/Andreas Ester, Samtalegudsteneste  
Kl. 16:00 Hyllestad v/Audun Systad, Felles samtalegudsteneste med Lavik

### 28. Mars - Palmesøndag

Kl. 11:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 01. April - Skjærtorsdag

Kl. 11:00 Ortnevik v/Geir Sørebo  
Kl. 18:00 Alværa v/Geir Sørebo, Påskemåltid

### 02. April - Langfredag

Kl. 18:00 Høyanger v/Andreas Ester

### 03. April - Påskentatt

Kl. 23.30 Kyrkjebø, v/Andreas Ester


### 04. April - Påskedag

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 05. April - 2. Påskedag

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester

**NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: [www.hoyanger.kyrkja.no](http://www.hoyanger.kyrkja.no)**



**INFORMASJON** Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyange

*Foto: Bjørnar Otterstein*

*Orgelelev Ronald spelte eit flott musikkstykke på orgelet i Høyanger kyrkje under familiegudstenesta 08.11.2020. Kantor Gerda er hans orgellærar.*